

Protokoll - regionstyremøte 6 - 2025

Dato: Laurdag og søndag, 6.-7. desember
Møtenr: 06 - 2025
Stad: Quality Hotel Ålesund

Tilstades

frå regionstyret: Bernt Reed, Aina Brendsdal Forthun, Marianne Lilleby,
Stig Piel, Gry Sissel Sagen, Nils Reed, Torstein Hamrebø

frå
administrasjonen: Elin Rekdal Skogstad

Saker

Del1 vedtakssaker

Saksnr.	Sakstittel
37/2025	NMF Nordvest medlemsmøter - gjennomføring og møteplan
38/2025	Budsjett 2026
39/2025	Aktivitetsplan 25/26 og representasjon
40/2025	Styreinstruks gjennomgang

Del 2 drøftingssaker

Saksnr.	Sakstittel
41/2025	NMF Nordvest i sosiale media

Del 3 orienteringssaker

Saksnr.	Sakstittel
42/2025	Orientering frå kontoret
43/2025	Orientering frå styreleiar
44/2025	Rekneskapsrapport pr. 31.10.25
45/2025	Møre og Romsdal kulturkrets v/Marianne Lilleby
46/2025	Vestland kulturkrets v/Aina B. Forthun
47/2025	Landsmøte 2025
	Eventuelt

Godkjenning

Innkalling

Innkalling vart sendt på epost til regionstyret 3. desember 2025.

Vedtak: Godkjent.

Sakliste

Sakliste, tidsplan og vedlegg vart sendt på epost til regionstyret 3. desember 2025.

Vedtak: Godkjent.

.....

Del 1 - vedtakssaker

Saksnr.
37/2025

Sakstittel
NMF Nordvest medlemsmøter - gjennomføring og møteplan

Adm. innstilling: NMF Nordvest skal gjennomføre tre digitale medlemsmøter i 2026, der alle vaksenkorps og skulekorps i regionen vert invitert. Møta skal haldast tre gongar pr. år.

Saksopplysingar: Regionstyret hadde sitt første digitale fellesmøte for heile regionen søndag 23. november, der alle medlemskorps var invitert. Det møtte 19 deltakarar frå korpsa, i tillegg til dei som deltok frå NMF. Erfaringa frå møtet var positiv. Regionstyret må ta stilling til om vi vil fortsette med digitale møter vidare, eller om vi ønsker å ha nokre fysiske møter i tillegg. Opplevingane til det digitale oppstartsmøtet har vore positive, men vi ønsker oss enno fleire deltakarar frå korpsa. Styret tenker at vi skal klare å nå fleire korps ved å fortsette med digitale møter. Distriktsmøta som vi tidlegare hadde som fysiske møter har hatt begrensningar til staden dei vart holdt. t.d. i Kristiansund har Kristiansund-korpsa møtt osv. Det er ein økonomisk faktor inne i biletet, som også gjer at valet fell på å ha flest digitale møter. Styret ønsker også å ha med dirigentar og andre ressurspersonar i medlemsmøta. Frå å ha distriktsmøter i november vil styret gå for å ha medlemsmøter fleire gongar i året. Tema kan vere styreopplæring, VO-midlar, sponsorsøknadar, «korleis drive eit korps» og anna informasjon.

Vedtak:

NMF Nordvest skal gjennomføre tre medlemsmøter i året (februar, september, november), og målet med medlemsmøta er å samle regionen til å tenke som «eit lag - ein region».

Saksnr.
38/2025

Budsjett 2026

Adm. innstilling: Budsjett 2026 vert vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysingar: Budsjettet er eit nøkternt budsjett som baserer seg på framskriving av dagens aktivitetsnivå i regionen. Kostnadane i samfunnet har auka betraktelig dei siste åra, noko som påverker regionens økonomi. Dette har ført til at aktivitetane har blitt meir kostbare og må dekkast inn over andre budsjettpostar. Med ein del mindreinntekter i tillegg vert budsjettet lagt fram utan forventa overskot for 2026.

Vedtak: Budsjett for 2026 vert godkjent.

Saksnr.
39/2025

Aktivitetsplan 25/26 og representasjon

Adm. innstilling: Aktivitetsplan 25/26 vert godkjent.

Saksopplysingar: Aktivitetsplanen er oppdatert på heimesidene til NMF Nordvest: [Hva skjer i NMF Nordvest! - Nyttig innhold - NMF](#)

Regionstyret har gjort ei fordeling over representasjon frå regionstyret på neste års aktivitetar.

Møteplan for regionstyret våren 2026 vert som følger:

Styremøte (digitalt) søndag 15. februar 19:00.

Styremøte (digitalt, inkludert alle vara) 12. april kl.19:00

Styremøte (fysisk) 6.-7. juni, fysisk møte.

Styremøte (fysisk): 21.-22. november.

Vedtak: Aktivitetsplan for 2026 vert godkjent.

40/2025 Styreinstruks gjennomgang

Adm. innstilling: Styreinstruksen vert godkjent.

Saksopplysingar: Med nytt styre er det naturleg å gå gjennom styreinstruksen. Regionstyret gjekk sist gjennom instruksen 6. september - 25. Styreinstruksen definerer forholdet mellom forbundsstyret og regionstyret, styreutval og forhold til leiarmøtet. Styret skal årleg evaluere sitt arbeid og vurdere behov for justering av styreinstruksen.

Vedtak: Styreinstruksen er vedteken slik den ligg føre.

.....

Del 2 drøftingssaker

Saksnr. NMF Nordvest i sosiale media
41/2025

Saksopplysingar: Sosiale media - Korleis vil vi at NMF Nordvest skal synes på sosiale media og på kva plattformer? Kommunikasjonsstrategien til NMF er frå 2021 - så det er rom for at denne bør reviderast.

Vedtak: Regionstyret ber administrasjonen om å legge fram forslag til revidert kommunikasjonsstrategi ila våren 2026.

Del 3

orienteringssaker

Saksnr.
42/2025

Orientering frå kontoret

Saksopplysingar: Det har vore ein aktiv haust med regionkorpssamlingar, heidersteikn-utlevering og deltaking på kulturkonferanse og budsjettmøte i Vestland fylkeskommune. I tillegg til ordinær drift har hausten handla mykje om planlegging av neste års arrangement med påmelding, fristar og informasjon til korpsa.

Vedtak: Informasjon frå kontoret er teken til vitande.

Saksnr.
43/2025

Orientering frå styreleiar

Saksopplysingar: Styreleiar opna Stormfestivalen som representant for NMF Nordvest og som spelande deltakar. Regionstyret har sendt inn kandidatar til valkomiteen til landsmøtet i april. Styreleiar informerte litt om landsmøtet og kva delegater som skal representere regionen på landsmøtet.

Vedtak: Informasjon frå styreleiar er teken til vitande.

Saksnr.
44/2025

Rekneskapsrapport pr. 31.10.25

Saksopplysingar: Rekneskap pr. 31.10. viser eit foreløpig meirforbruk på 300.000,- Av dette er reduserte sponsorinntekter og forseinka innbetalingar nokre av hovudårsakane, og avviket er forventa å bli redusert før årsslutt.

Vedtak: Rekneskapsrapport pr. 31.10.25 vert teken til vitande.

NORGES
MUSIKKORPS FORBUND
Nordvest

Saksnr.
45/2025

Møre og Romsdal kulturkrets v/Marianne Lilleby

Saksopplysingar: Møre og Romsdal kulturkrets er i ein prosess med å lage nye vedtekter og forslaget er sendt på høyring til medlemsorganisasjonane. Frist for innspel til vedtektene er i februar -26.

Vedtak: Informasjonen er teken til vitande.

Saksnr.
46/2025

Vestland kulturkrets

Saksopplysingar: Vedtektene for Vestland kulturkrets er vedteken og kulturkretsen har fått oppretta eige organisasjonsnummer. På den finansielle sida har Vestland kulturkrets fått midlar frå Kulturtanken.

Vedtak: Informasjonen er teken til vitande.

Saksnr.
47/2025

Landsmøtet 2026

Saksopplysingar: Regionstyret har fått ansvar for fredagens kulturelle innslag rundt middagen, som skal vere på Atlanterhavsparken i Ålesund. Det er ønskeleg med innslag frå lokale korps og drilltropper under landsmøtet, slik at helga blir fylt av musikk, drill og andre kulturelle inntrykk. Regionkorpset NUK skal halde konsert for delegatane på laurdagen.

Vedtak: Informasjon om landsmøtet er teken til vitande.

Budsjett 2026

NMF Nordvest

Budsjett 2026

Administrasjonens budsjettforslag pr. 06.12.25

	Rekneskap 2024	Rekneskap 31.10.2025	Budsjett 2025	Budsjett 2026
DRIFTSINNTEKTER				
Kontingentinntekter	1 084 629	1 395 913	1 408 634	1 496 444
Tilskot	1 395 760	1 116 254	1 634 500	1 382 000
Voksenopplæring frå nasjonalt	150 829	-	99 000	101 000
Voksenopplæring fra andre	120 089	109 264	100 000	120 000
Periodisering tilskot	-	-	-	-
Utbetalinger tilskot	-	-	-	-
Tilskot	1 666 678	1 225 518	1 833 500	1 603 000
Momskompensasjon	328 238	-	479 066	436 928
Provisjonsinntekt	-	-	-	-
Påmeldingsavgifter	1 630 900	2 125 140	2 275 450	1 902 153
Billettinntekter	-	50 115	50 000	75 000
Loddsal	-	-	-	-
Andre arr.inntekter	-	-	100 000	-
Reisefordeling	-	-	-	-
Arrangementsinntekter	1 630 900	2 175 255	2 425 450	1 977 153
Utleige av instrument	-	-	-	-
Sal diverse	44 095	70 168	44 000	63 000
Leigeinntekter internt i NMF	45 324	39 073	55 000	49 163
Andre driftsrel. inntekter	-	-	-	-
Sponsorinntekter	-	-	20 000	87 000
Overført frå nasjonalt	370 000	180 000	-	150 000
Purregebyr	525	1 050	3 600	500
Andre inntekter	459 944	290 291	122 600	349 663
SUM DRIFTSINNTEKTER	5 170 389	5 086 977	6 269 249	5 863 188
DRIFTSKOSTNADAR				
Lønn ansatte via nasjonalt	1 508 968	1 557 707	1 754 940	1 733 800
Lønn region	249 311	355 201	236 701	31 000
Overtid	-	-	1 500	-
Feriepenger nasjonalt	179 157	183 234	214 301	207 600
Feriepenger region	-	-	1 400	-
Fordeling lønn til prosjekt	-	-	-	-
Fordel i arbeidsforhold	-	-	-	-
Godtgj. til styre/bedr.fors.	-	-	-	-
Arbeidsgjevaravgift	232 322	258 842	309 232	301 400
Bilgodtgjersle trekkpliktig	-	253	-	-
Refusjon. av sjukepengar	- 192 839	- 1 033	-	-
Gåver til tilsette	674	7 352	-	1 000
Kantinekostnadar	150	-	150	-
Yrkesskadeforsikring	1 219	874	1 350	1 534
Personalforsikringar	14 513	13 660	13 893	14 158

NORGES
MUSIKKORPS FORBUND
Nordvest

	Rekneskap 2024	Rekneskap 31.10.2025	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Gruppelivsforsikring	4 419	-	7 212	7 396
Innskotspensjon	93 439	78 853	98 400	131 600
AFP	36 994	34 000	40 800	40 800
Div.utgifter personalet	2 820	-	500	500
Lønn og personalkostnader	2 131 145	2 488 943	2 680 379	2 470 787
Refusjon kostnader	- 6 250	- 6 250	-	-
Leige kontorlokaler	65 064	-	66 056	68 000
Lagerleige	-	-	-	-
Leige lokaler i NMF	-	-	-	-
Felleskostnader leiga lokale	57 852	-	77 588	81 467
Lys og varme	-	-	-	-
Parkeringsleige	-	-	-	-
Reinhald	17 745	15 768	21 600	16 000
Andre driftskostnader kontorlokaler	-	-	-	-
Kostnader kontorlokaler	140 661	15 768	165 244	165 467
Leie kontormaskiner	2 613	-	-	-
Kjøp IT drift (Pcer, serverar m.m.)	9 462	13 642	12 000	9 000
Kjøp kontormaskinar	2 941	3 498	-	4 000
Inventar -kjøp	15 515	-	-	-
Andre driftsmaterial	-	-	-	-
Andre kontorkostnader	734	-	-	-
Diverse varekjøp	-	-	-	-
Kontormaskiner, verktøy og inventar	31 265	17 140	12 000	13 000
Revisjonshonorar	43 750	43 125	45 000	45 000
Honorar juridisk bistand	-	-	-	-
Andre honorar	584 268	592 988	695 838	919 635
Framande tenester	628 018	636 113	740 838	964 635
Kontorrekvisita	7 703	15 573	6 500	19 800
Trykksaker	-	2 000	-	-
Aviser, tidsskrifter, faglitteratur	-	-	-	-
Kurs og oppdatering	1 225	-	5 000	-
Møtekostnader	-	49 212	103 750	45 000
Telefon	-	-	-	-
Internett drift	39 600	26 700	34 000	35 000
Internett/breibånd tilsette (ikkje DL)	-	6 675	-	-
Porto	2 289	427	1 700	1 000
Kontorhald, telefon og porto	50 817	100 587	150 950	100 800
Andre arr.kostnader	93 904	56 389	39 935	46 804

NORGES
MUSIKKORPS FORBUND
Nordvest

	Rekneskap 2024	Rekneskap 31.10.2025	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Leige instrument/utstyr	58 778	61 151	56 000	46 000
Teknisk arrangør	189 500	94 018	235 500	296 000
Profileringsutstyr	-	58 346	-	3 000
Lokalleige arrang./prosj.	34 240	38 533	71 000	88 000
Leigebil	12 493	3 056	-	-
Billettproduksjon	-	-	9 900	-
Notar/partitur	15 835	12 038	22 500	23 000
Oppholdskostnader arrangement	1 004 323	1 779 712	1 438 163	1 139 200
Kopiering	20 010	5 381	17 900	15 000
Premiering	20 306	35 457	22 000	32 000
Medaljar	34 504	33 243	49 750	32 000
Kjøp av instrument/utstyr	-	-	-	-
Overskotsdeling NM-arrangement	-	-	-	-
Støtte/overføring internt (nasjonalt/region)	62 318	-	829	-
Støtte ekstern (korps og privatpersonar)	117 504	-	-	-
Ungdomsløftet (nasjonale føringar)	125 000	104 167	125 000	125 000
Diverse arrangementskostnader	1 788 714	2 281 490	2 088 477	1 846 004
Reisekostnader	389 674	257 474	373 500	255 945
Reklamekostnader	13 483	15 959	26 250	36 000
Annonseutgifter	-	-	-	-
Representasjon	-	-	-	-
Kontingentar	-	-	-	-
Gåver (ikkje til tilsette)	3 073	5 241	10 400	5 050
Forsikring	-	-	-	-
Bank og kortgebyr	3 939	4 788	3 600	5 500
Periodisering prosjekt	-	-	-	-
Andre driftskostnader	20 494	25 988	40 250	46 550
Tap på fordringar	1 600	-	-	-
Andre driftskostnader	3 044 993	3 328 309	3 571 259	3 392 401
SUM DRIFTSKOSTNADAR	5 176 139	5 817 252	6 251 638	5 863 188
DRIFTSRESULTAT FØR FINANS	-	5 749	-	730 275
FINANSPOSTAR	53 565	6 102	-	-
ÅRSRESULTAT	47 815	-	724 173	17 612

SIGNATURES

ALLEKIRJOITUKSET

UNDERSKRIFTER

SIGNATURER

UNDERSKRIFTER

This documents contains 9 pages before this page
Dokumentet inneholder 9 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 9 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 9 sider før denne side

Detta dokument innehåller 9 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende